

# Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 11. søndag i treeiningstida - 9. august 2015

Preiketekst: Mark 2,23-28

Lesetekst 1: 2. Mos 20,1-17

Lesetekst 2: Gal 5,1-6

## Jesus og sabbaten

Kva forhold har me kristne til lova? Kva er kristen fridom? Koss underviste Jesus om desse spørsmåla? Tekstane for denne søndagen handlar om slike spørsmål. Det tredje bodet om sabbaten er i sentrum i evangelieteksten.

Teksten frå 2. Mos 20 inneheld dei ti boda om Guds gode vilje for menneskelivet. Sabbatsbodet viser tilbake til skapinga og Guds kvile på den sjuande dagen. Den yngre teksten i 5. Mos 5,12 ff grunnir bodet i utferda frå Egypt.

Teksten frå Gal 5 begynner med det programmatisk «Til fridom har Kristus frigjort oss.» Vidare er teksten ei formaning til ikkje å akseptera ei forkynning som seier at vegen til frelse går gjennom oppfyljing av lova. Vårt kristne alternativ er tru, håp og kjærleik (v 5-6).

Teksten frå Mark 2 er éi av fem forteljingar i eit større avsnitt (2,1 – 3,6) som viser koss motstanden mot Jesus vaks fram. I denne forteljinga er det Jesu forhold til sabbatsreglane som står i fokus. Jesus har autoritet til å utfordra ei lovforståing som bind menneske. Han viser tilbake til at lova (her eksemplifisert ved sabbaten) er Guds gode gåve til menneska.

### Menneskesonen er herre over sabbaten!

Mark 2,23-28 har saman med den følgjande teksten 3,1-6 overskrifta «Jesus og sabbaten».

Vers 23 fortel om ei konkret hending. Jesus og disiplane var ute og gjekk på ein sabbat. Stien gjekk langsmed ein kornåker. Disiplane begynte å riva av aks (for å eta dei). Dette var lov, jfr 5. Mos 23,25.

Vers 24 fortel at nokre farisearar klaga på disiplane ved å seia at dei gjorde noko som ikkje var lov på sabbaten. Det var lov å eta på sabbaten; den var ikkje ein fastedag. Det har truleg heller vore sjølve aktiviteten «å riva av aks» som dei vurderte som arbeid og som dermed kom i konflikt med sabbatsbodet i 2. Mos 20,8 ff. Parallellteksten i Luk 6,1 viser også at dei gneid aksa mellom hendene. Kanskje var det dette som var problemet?

Vers 25-26 viser at Jesus avviste farisearane si rigide sabbatstolking. Han argumenterte ut frå eit skriftbevis, ein vanleg rabbinisk metode. Her viser han tilbake til forteljinga i 1. Sam 21,1 ff om då David og mennene hans åt skodebrøda som bare prestane skulle eta. I parallellteksten i Matt 12,1 ff blir også sjølve tempeltenesta (4. Mos 28,9-10) omtalt av Jesus som eit brot på sabbatsbodet samtidig som prestane er «utan skuld».

## Problem i teksten

Det er elles eit problem i vers 26. Jesus seier (i følge Markus) at historia om skodebrødet skjedde på den tid Abjatar var øvsteprest, mens 1. Sam 21 seier at det var faren Ahimelek som var øvstepresten. Abjatar overlevde massakren på prestane i 1. Sam 22,18-21 og blei seinare ein viktig mann i Davidshistoria. Matteus og Lukas nemner ikkje Abjatar i sine versjonar av denne forteljinga.

Det er mange som har strevd med tanken på om det kan vera ein feil her, og om det i så fall var Jesus eller Markus som tok feil. Har det blitt ein utilsikta ironi ved at dette skjer akkurat der Jesus seier: «Har de aldri lese kva David gjorde då han ...» Sjur Isaksen har i si bok *Ordet gjennom året*, bd 2 side 156, heller gjort dette til ein illustrasjon på poenget i teksten: «Troen står ikke på spill i detaljene.»

I vers 27 understrekar Jesus i ei generell utsegn at sabbaten er gitt oss menneske som ei gåve og ei velsigning. Det blir feil om den blir ei bær. Dette er eit viktig prinsipp for Jesus.

## Jødisk tolking

Samtidig er det ikkje unikt for Jesus. *The Jewish Annotated New Testament* (Oxford University Press 2011) kommenterer verset med å seia: “Here Jesus advocates a humanitarian Sabbath exception such as those often discussed in Jewish law”. Den messianske jøden David H. Stern viser i sin kommentar til NT til følgjande tekst frå Talmud: “Rabbi Yonatan ben-Yosef said: For it (Shabbat) is holy unto you (Ex 31,14). That is, it is committed into your hands, not you into its hands!”

## Messiansk tidalder

Vers 28 kan lesast som eit sterkt uttrykk for Jesu messianske sjølvbevisstheit. Sabbatsbodet hadde på Jesu tid fått ein spesiell status. Sabbaten er eit teikn mellom Gud og folket (2. Mos 31,12 ff) og dette blei forstått slik at sabbatsbodet stod over dei andre boda. Sabbaten blei også forstått som ein forsmak på den komande messianske tidsalderen, jfr omgrepet «kvile» i Hebr 4,1-11.

Bertil Gärtner skriv i sin kommentar til Markusevangeliet:

”Det är väl närmast detta förhållande mellan sabbaten och Messias och hans rike, som återspeglas i evangeliarnas berättelser, enligt vilka Jesus vågade bryta mot judarnas stränga sabbatsreglar och skänka sabbaten ett nytt innehåll. Jesu gärningar, hans botande av de sjuka och hans kärleksfulla handlingar just på sabbaten, skulle vittna om att Messias kommit, och att hans rike och hans krafter förmedlade den välsignade messianska sabbatens innehåll: frid, glädje, förlåtelse och gemenskap med Gud.” (Bertil Gärtner: Markus evangelium. Verbum. Stockholm 1970).

Som eit apropos vil eg likevel nemna at både *The Jewish Annotated New Testament* og den messiansk-jødiske David H. Stern meiner at «Menneskesonen» (hebraisk: ben-adam) i vers 28 i Jesu munn kan ha vore eit generelt uttrykk for mennesket, og at det først seinare har fått messianske overtonar! I så fall sa Jesus her noko slikt som at «mennesket er herre over sabbaten».

## **Innspel til forkynning over teksten**

Forkynninga kan vektlegga ulike tema. Her er nokre eksempel:

- Jesus og Moselova
- Jesus som Messias, «herren over sabbaten»
- Kristen fridom (jfr Luthers boksittel: Om et kristenmenneskes frihet)
- Helgedagstanken, forholdet sabbat – søndag, velsigninga ved å ha ein heilag dag

### **Arne Berge**

Sokneprest i Hinna, Ytre Stavanger prosti / kretsleiar i Stavanger krets, Den Norske Israelsmisjon.

[berge.arne@gmail.com](mailto:berge.arne@gmail.com)